



Riksantikvaren  
Postboks 8196 Dep.  
0034 OSLO

Dato: 22.01.2016  
Vår ref.: 2015/8551-27  
Saksbehandlar: solrong  
Dykkar ref.:

## Søknad om tilskot under Statsbudsjetter 2016, Kap. 1429 post 70 - Bevaringsprogram for utvalgte arkeologiske kulturminne (BARK)

Me viser til orientering om utlysning av midlar frå Bevaringsprogram for utvalgte arkeologiske kulturminne (BARK) av 15.12.2015.

For 2016 søker Hordaland fylkeskommune om midlar til følgjande prosjekt:

Prosjekt	Mål	Kommune	Kostnad	Omsøkt tilskot
Sokkamyro	forprosjekt for formidling av steinalderbuplass	Bømlo kommune	149.600,-	74.800,-
Håkonshaugen	Universell tilrettelegging av gravhaug	Lindås kommune	750.000,-	350.000,-
Bygdeborg på Tjørndalshaugen	Kulturminneskilt	Odda kommune	125.100,-	62.550,-
Kolgroper på Hesjabakk	Kulturminneskilt og rydding	Odda kommune	125.100,-	62.550,-
Kongshaugen på Apold	Kulturminneskilt og rydding	Odda kommune	58.300,-	29.150,-
Kulturminne på Istertveit	Kulturminneskilt og rydding	Sveio kommune	38.000,-	19.000,-
Bygdeborg på Børshovda	Kulturminneskilt	Sveio kommune	37.000,-	18.500,-
Kulturminne i Leirvik	Kulturminneskilt	Meland kommune	72.125,-	36.000,-
Årbakkasanden	Rydding av gravfelt	Tysnes kommune	28.000,-	12.000,-
Kulturminne på Rommetveit	Kulturminneskilt og rydding	Stord kommune	85.400,-	42.000,-
Vindenes	Kulturminneskilt og rydding øydegard	Fjell kommune	75.000,-	20.000,-
SUM			1.543.625,-	726.550

Hordaland fylkeskommune har i sak 95/2015 vedtatt å setje av kr 200.000,- til arbeidet med BARK.

### **BARK i Hordaland fylkeskommune**

BARK-søknadene for Hordaland fylkeskommune i 2016 vart politisk handsama i Utval for Kultur og Regional Utvikling i politisk møte 19. januar 2016, sak PS 15/2016. Innkomne BARK-søknader til Hordaland fylkeskommune vart på møtet handsama for å avgjera kva søknader som skulle sendast vidare til Riksantikvaren og med kva prioritering. På same møte vart det vedteke å gjera endringar i prioriteringslista for BARK, sjå neste punkt. Saksframlegg og protokoll i saka ligg vedlagt dette dokumentet.

### **Endring av prioriteringsliste for BARK**

Prioriteringslista for BARK i Hordaland fylkeskommune vart vedteken av fylkesutvalet i sak 280/12, 21.11.2012. Eventuelle endringar i lista må difor skje gjennom politisk sak. Hordaland fylkeskommune har mottatt søknad om endring av lista frå ein kommune, samt at fylkeskommunen sjølv har spelt inn endringar til lista.

KIRU har i sak PS 15/2016 vedtatt følgjande endringar i prioriteringslista for BARK i Hordaland:

### **BARK-lista vert revidert til å inkludera følgjande kulturminne:**

- Håkonshaugen i Lindås kommune (Askeladden-ID 66400)
- Kulturminne på Vinje i Voss kommune (Askeladden- ID 64255 m.fl.)
- Pikhaugen på Halsnøy i Kvinnherad kommune (Askeladden-ID 6391)
- Gravhaug på Lunde i Voss kommune (Askeladden-ID 60499)

### **Søknader i 2016**

For informasjon om søknadene viser fylkeskommunen til vedlagte skjema og informasjon om prosjekta. Innkomne søknader til fylkeskommunen er òg lagt ved. For informasjon om korleis tiltaka er forankra lokalt, sjå vedlagte søknader. Her har kommunane gjort greie for prioritering og forankring i kommunalt vedtekne dokument, til dømes kulturminneplan.

### **Prioritering av søknader**

Utval for Kultur, idrett og regional utvikling har vedteke å senda alle innkomne søknader vidare til Riksantikvaren med følgjande prioritering.

- 1) *Kulturminne på Rommetveit, Stord*
- 2) *Sokkamyro, Bømlo*
- 3) *Håkonshaugen, Lindås*
- 4) Alle øvrige prosjekt er likestilt høgt prioritert av Hordaland fylkeskommune.

To av kommunane har søkt tilskot til fleire prosjekt, Odda kommune har sendt tre søknader og Sveio kommune har sendt to søknader. Kommunane som har sendt fleire søknader har sjølv gjort prioriteringar for prosjekta dei søker om dersom dei ikkje får tilsegn til alle søknadene:

Sveio kommune har sett opp følgjande prioritering for egne søknader:

1. Bygdeborg på Børshovda
2. Kulturminne på Istertveit, Sveio

Odda kommune har sett opp følgjande prioritering for egne søknader:

1. Kolgroper på Hesjabakk
2. Likestilt prioritering mellom Bygdeborg på Tjørndalshaugen og kongshaugen på Apold

Der det er kome inn fleire søknader frå same kommune ber Utval for kultur, idrett og regional utvikling om at det vert lagt vekt på kommunal prioritering dersom ikkje alle dei omsøkte prosjekta får tilsegn om tilskot.

### **Oppfølging av søknadene**

Hordaland fylkeskommune vil utarbeida skjøtselsplan for alle prosjekt som får tilsegn om midlar til skjøtsel og tilrettelegging. Alle prosjekt skal gjennomførast i samråd med fylkeskommunen, som i tillegg til å leggja føringar for skjøtsel gjennom skjøtselsplan mellom anna vil kvalitetssikra informasjonsskilt og avklara skiltplassing, samt sikra at alle tiltak er avklart i høve til kulturminnelova.

David Aasen Sandved  
Kst. fylkeskonservator

Solveig Lohne Rongved  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
Eva Sætersdal Walderhaug

Vedlegg

- 1 BARK-søknad 2016 Kongshaugen på Apold, Odda
- 2 BARK-søknad 2016 Håkonshaugen, Lindås
- 3 Vedlegg til BARK-søknad 2016 Håkonshaugen, Lindås
- 4 BARK-søknad 2016 Tjørndalshaugen, Odda
- 5 BARK søknad 2016 Hejsabakk, Odda
- 6 BARK-søknad 2016 Istertveit, Sveio
- 7 BARK-søknad 2016 Børshovda, Sveio

- 8 BARK-søknad 2016 Sokkamyro, Bømlo
- 9 BARK-søknad 2016 Vindenes, Fjell
- 10 BARK-søknad 2016 Leirvik, Meland
- 11 BARK-søknad 2016 Rommetveit, Stord
- 12 BARK-søknad 2016 Årbakkasanden, Tysnes
- 13 EXCEL-skjema BARK søknad Sokkamyro, Bømlo
- 14 EXCEL-skjema BARK 2016 Håkonshaugen, Lindås
- 15 EXCEL-skjema BARK 2016 Tjørndalshaugen, Odda
- 16 EXCEL-skjema BARK 2016 Hesjabakk, Odda
- 17 EXCEL-skjema BARK 2016 Kongshaugen, Odda
- 18 EXCEL-skjema BARK 2016 Vindenes, Fjell
- 19 EXCEL-skjema BARK 2016 Leirvik, Meland
- 20 EXCEL-skjema BARK 2016 Årbakkasanden, Tysnes
- 21 EXCEL-skjema BARK 2016 Rommetveit, Stord
- 22 EXCEL-skjema BARK 2016 Istertveit, Sveio
- 23 EXCEL-skjema BARK 2016 Børshovda, Sveio
- 24 BARK-søknader i Hordaland 2016 - Kortfatta prosjektskildring
- 25 Saksprotokoll KIRU politisk møte 19. januar 2016
- 26 Politisk sak om BARK-søknader 2016
- 27 Skildring av søknader til politisk sak om BARK 2016